

Om retreaten og oss...

Holmely omsorg og retreat – er Normisjon sin retreatplass i Nordfjord.

No i pinsa ønsker vi å invitere deg til temaretreaten «*Korset og krafta*». Vårt ønske er å peike på sammenhengen mellom Jesu død på korset og Den heilage andens verk i og gjennom sitt folk. Det blir faste tema-impulsar gjennom retreaten med Geir Otto Holmås.

Geir Otto har besøkt Holmely fleire gonger dei siste åra. Han er teolog og jobbar som freelance forkynnar, forfattar, retreatleier og vegleier. Han har òg ei deltidsstilling som praksisleier på NLA Høgskulen i Oslo. Han er gift og har tre døtrer og bur på Jeløya i Moss. Geir Otto har blant anna skrive boka «*Ved en korsvei. Åpent brev til mine karismatiske venner*». Han har undervist på Holmely tidlegare blant anna med tema om vekking, korsets kraft og Guds frykt.

Kva betyr retreat?

Retreat handlar om å *trekkje seg tilbake* frå den vante kvardagen. Kanskje sette på pauseknappen? Sette av tid til Bibel og bøn, tid til stillheit og *vandring med Gud*. Kanskje slå av mobilen, stenge *verda* litt ute? På retreat er vi gjerne *tause...*; det betyr at du skal sleppe å prate med sidemannen om ver og vind, eller eigne eller andre sine prosessar. På retreat fyller vi ikkje dagane med mykje undervisning, men vi har små drypp gjennom dagen; med faste samlingar med *impulsar* og bøn i kapellet. Det blir sett av tid til samtale med ein av leiarane, om det er ønskjeleg. Retreat er ikkje ein konkurranse om å vere stillast mogleg, eller å sjå mest mogleg åndeleg ut. Men å vere deg sjølv i eit fellesskap, utan så mykje prat.

Jesus sa: «*Kom avsides med meg og kvil dykk litt...*» Det ønsker vi å leggje til rette for. Om det betyr å sove litt meir eller litt minde, å gå på tur eller å drikke kaffi med sjøutsikt, vere åleine eller vere i eit fellesskap, eller det å få påfyll for sjela, kan vere ulikt. Gud veit kva vi treng. Han kjenner *deg*!

Naturen kring Holmely inviterer til kvile og påfyll! Det er fine tur-moglegheiter i området og sjølve retreatstaden er ein plass det er godt å berre vere!

Vi vil starte dagen i kapellet; med **morgonbøn** og nattverd. Og vi avsluttar ofte dagen i kapellet med **kveldsbøn**.

I kapellet bruker vi **tidebønner**. Dei bibelske salmane utgjer sjølve hovudelementet i tidebønna, og skjer ofte i veksellesing. Dette er bønner som framleis vert bedne av millionar av kristne over heile verda. Vi blir med i ein kontinuerleg bønnestraum til Gud frå heile kyrkja til alle tider. Å be ut ferdig nedskrivne bønner frå Guds ord; kan gi hjelp til ei kvilepuls i bønnelivet og å gå djupare i bønn. Vi vil òg ha **bibelmeditasjon** i løpet av retreaten, der du får tid til å vere i ein bibeltekst over litt tid. Vi har **stille måltid** med instrumental-musikk.

I denne *ramma* håpar vi at du kan finne deg til rette, senke skuldrene og oppleve at du vert omslutta av Guds fred midt i ditt liv og din kvardag.

Når startar vi og når avsluttar vi?

Vi startar helga fredag med varm kvelds kl. 19 og avsluttar søndag formiddag etter lunsj ca. kl. 14.

FREDAG:

19.00	Velkommen og kveldsmat
20.15	Samling – info og intro til tema -impuls
21.30	Kveldsbøn i kapellet

LAURDAG/SØNDAG:

08.30	Morgonbøn i kapellet
09.00	Frukost m/ niste-smørjing
10.00	Samling med tema impuls
	Intro til bibelmeditasjon
12.00	Lunsj – matpakke i det fri eller i spisestova
	Eigentid (kvile/fritid/tur)
14.00	Middagsbøn i kapellet
15.30	Middag og kaffi
17.00	Samling med tema-impuls
18.30	Stille andakt i kapellet
19.30	Kveldsmat
20.30	Samling med delerunde
21.30	Kveldsbøn

MÅNDAG:

08.30	Morgonbøn i kapellet
09.00	Frukost
10.00/11.00	Samling og tema / Pinsegudsteneste i kyrkja
13.00	Lunsj og avslutning

Prisar:

Fleire retreat-stader praktiserer *fleksibelt prissystem*, med ein anbefalt pris.

Bakgrunn: Vi ønskjer at den som treng å kome på retreat, ikkje skal hindrast av prisen. Samtidig har retreat- stadene stadig behov for økte inntekter.

Dette kan løysast ved at dei som har moglegheit betalar anbefalt pris.

Frå 3550 til **4350,-** Ektepar/ dobbeltrom, avslag 500,- pr pers.

Betalast i forkant av retreaten til konto eller med kort/kontantar på Holmely.

Inkludert i pris: Oppreidd seng, handkle, eige toalett/ bad, full pensjon, arr. avgift.



Ved påmelding/spørsmål:

Dagleg leiar på Holmely Eva S. Langseth

Kontortid: Tysdag – fredag kl. 09 – 14

Holmevegen 26, 6711 Bryggja

Tlf.: 57 85 34 25/93 42 33 00

E-post: holmely@normisjon.no

For meir info om Holmely:

www.holmely.no

www.facebook.com/holmely

Kontonummer: 3000 14 72204

Vipps: #506517

Velkommen til pinseretreat
«Korset og krafta»

på Holmely omsorg og retreat

26.-29. mai 2023

